

Klage – vedtak saknummer: 20/17462

Vi ønskjer å klage avslaget på søknaden om tiltak på gbnr 345/35. Vi er einige at det er viktig å ta vare på naturmiljøet langs Rylandsvassdraget, men meiner at tiltaket vil ha liten berøring på naturmiljøet. Vi meiner at argumenta for å tillate tiltaket taler for å gje eit positivt vedtak.

Argumenta som denne klagen byggjer på kan samlast i tre kategoriar.

- Trafikksikring
- Drenering
- Innkjørsel

Trafikksikring:

Noverande utkjørsel er rett ut i kommunal veg. For å kome seg frå parkeringa til utkjørselen må ein opp ein bratt bakke. For å klare denne bakken treng ein stor fart. Då vil ein kunne ha for stor fart ut i den kommunale vegen. I tillegg er sikta uoversiktleg.


Jamfør uttale i vedtak av vegavdelinga til Alver kommune:

Vurdering/drøfting

Fartsgrensa i kommunal veg følgjer av Vegtrafikkloven § 6. Fartsgrense er for tettbygde strøk 50km/t. Minstekrav til sikt i avkjørsle er 4 x 45 meter. Eksisterande avkjørsle stettar ikkje krav til sikt. Avkjørsla sin geometriske utforming bidrar til at avkjørsla vert uoversiktlig. I tillegg har avkjørsla eit fall på ca 1:5 (1 høgdemeter per 5 meter veg). Avkjørselsvegen er relativt bratt . Ihht til regelverk skal stigningsforhold være maks 1:8.



Bilete av utkjørsel frå 1 meters høgde teken januar 2021:



Det er i dag fleire skulebarn som nyttar Skintveitvegen for å gå til skulen. I åra framover kjem det til å bli fleire skulebarn sidan det har flytta inn fleire familiar med yngre barn innover Skintveitvegen.

Ei flytta av avkjørsle vil også gjere at det ikkje vert behov for å sette bilar langs den kommunale vegen på vinterstid og at ei flytting vil vere positivt for vedlikehaldet av den kommunale vegen på vinterstid.

Ut frå dette uttaler Alver kommune at ei flytting vil ha positiv effekt på trafikktryggleiken langs Skintveitvegen. Utklipp under frå vedtak frå vegavdelinga:

Alver kommune er eining i at ei flytting av avkjørsle til parkeringsplass på kommunen sin eigedom vil gje ei betre og meir oversiktig tilkomst til eigedomen. Ved å flytte avkjørsla til parkeringsplass på kommunen sin eigedom vil ein få betre tilkomstveg til eigedommen. Ny tilkomstveg gjer at ein, på vinterstid, ikkje har behov for å setje frå seg kjøretøy langs kommunevegen. Flytting av avkjørsla vil

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

være positivt for vintervedlikehaldet av kommunevegen. Flytting av avkjørsle vil også ha ei positiv effekt på tryggleiken til dei som ferdast i og langs kommunevegen.

Drenering:

Området som ny veg er søkt om var tidlegare plaga av at det låg seg store vatnmassar når det regna. Vatnet kom som regn og tilrennande frå høgareliggende tomter på andre sida av vegen via kummer. Ved utbygginga av parkeringa til den nye flytebrygga vart meir vatn stengt

inne mot elva, og dette forplanta seg vidare oppover markene på vår tomt. Marka stod på den måten ofte under vatn og gras, busker og tre hadde ikkje gode vekstvilkår. I samarbeid med kommunen vart det naturlege utløpet, som hadde blitt stengt av den nye kajakparkeringa ved flytebrygga, gjort betre. I dag renn vatnet i rør under kajakparkeringa og går ut ved flytebrygga.

Bilete frå 2018 av korleis det såg ut mot parkering ved flytebrygge:



I samband med tilbygg på vår tomt gjorde eigar grep for å sikre at vatnet fekk eit betre fall ned til elva og ikkje vart liggjande på tomta. Det går via steinmasser og i rør i marka ned mot kajakparkeringa ved elva. Tre, som tidligare stod med vatn til langt oppe på stamma når det regna, står i dag på god grunn.

Bilete av trær som ofte stod under vatn:



Bilete av oversvømt mark:



Området på biletene over har i dag betre drenering, mellom anna ved at vatnet går gjennom rør i plenen og i steinmasser i området.

Bilete av korleis vatnet kan stå i jorda når dreneringa er tett:



Biletet over viser området vi ønskjer å lage ny veg til utkjørsel. På biletet over står vatnet mellom 1 og 2 meter ned i bakken. I dag er ikkje vatnet like høgt i dette området, men det er framleis vatn i jorda. Ein ny veg her ville kunne bli laga med god drenering i sikte. På denne måten vil ei god vassrørsle gjennom vår tomt bli styrka av ein godt lagt veg.

Landbruksavdelinga i Alver kommune uttaler at ei ny avkjørsle med veg ikkje vil vere i konflikt med naturverdiar og landbruksinteresser:

Landbruksavdelinga legg til grunn at tomta er frådelt til bustadføremål og at reglane i jordlova § 9-12 ikkje gjeld. God og sikker tilkomst er viktig for alle eigedomar og endra trase for parkering og avkjørsle kjem ikkje i konflikt med viktige naturverdiar eller landbruksinteresser slik me ser det.

God drenering vil på denne måten kunne forbetra levekåra til gras, planter, busker og tre. Naturverdiane vil etter vårt syn kunne bli styrkt ved gravearbeid der drenering er eit av siktemåla.

Innkjørsel:

Som eigar ønskjer vi å kunne ha ei god og sikker tilkomst til tomten gjennom heile året. Dette ønsket kjem ikkje i konflikt med viktige naturverdiar eller landbruksinteresser i uttalen til landbruksavdelinga til Alver kommune:

Landbruksavdelinga legg til grunn at tomten er frådelt til bustadføremål og at reglane i jordlova § 9-12 ikke gjeld. God og sikker tilkomst er viktig for alle eigedomar og endra trase for parkering og avkjørsle kjem ikkje i konflikt med viktige naturverdiar eller landbruksinteresser slik me ser det.

På vinterstid vil utrykkingskjøretøy kunne komme i problem om bakken skulle vere glatt. Dette vil kunne bli meir aktuelt om eigar ikkje klarar å halde vegbana rein for is og snø. For å gjere tomta meir eigna for bruk gjennom eit livsland vil ei anna avkjørsel kunne gje meir tryggleik.

Tilgang til trygg innkjørsel vil gje moglegheit for å legge til rette for sikker lading av el-bil. Med dagens tilkomst vil ein måtte rekne med å parkere langs den kommunale vegen på vinterstid. I slike periodar vil ein kunne bli nødt til å ty til nødløysingar for lading. Ein god tilkomst gjennom heile året vil etter vårt syn legge til rette for parkering med lademoglegheit.

Andre tema:

Som eigar held vi i dag krattvekst nede på vår side av grensa opp mot den nye kommunale parkeringa. Om vi skulle få lov til å byggje vegen

og innkjørselen vi har søkt på, vil vi vedlikehalde dette området og sikre at det ikkje veks til av kratt.

Skule og egedomsavdeling har ikkje hatt motsegn mot tiltaket, og ordførar signerte at eigar av Skintveitvegen 43 kan bruke kommunal grunn for å få tilkomst til Skintveitvegen. Kommunen, ved ulike aktørar, har gjeve grønt lys for å lage ny avkjørsel over kommunal grunn.

Konklusjon

Vi ønskjer med dette å få vurdert avslaget på tiltak om ny avkjørsel til Skintveitvegen på ny.

Ei ny avkjørsle vil vere eit privat tiltak i eit verna område, men vi vil hevde at dei trafikksikrande effektane av eit tiltak likevel vil veie sterkt opp mot dette. Ein godt drenert veg vil også kunne vere positiv for vassrørsbla gjennom tomta og kunne gjeve betre vekstkår for trær, planter og blomster.

Mvh

Ingrid Brakstad Klausen og Erik Klausen

Bilete av neverande utkjørsel i stor størrelse teke i 1 meters høgde:





